

Fra: Per Rune Vereide <prv@sp.no>
Sendt: onsdag 6. april 2022 11:04
Til: Postmottak JD
Emne: Fråsegn - Ja til tre jordskifterettar i Sogn og Fjordane

Frå
Sogn og Fjordane Senterparti

Til
Statsråd Emilie Enger Mehl – Justis- og beredskapsdepartementet

Ja til tre jordskifterettar i Sogn og Fjordane.

Våren 2021 vart det gjennomført ei samanslåing av tingrettar og jordskifterettar. Etter vedtak i Stortinget vart 60 tingrettar redusert til 23, og 34 jordskifterettar vart til 19.

Justisdepartementet har på nytt sett domstolstrukturen på dagsorden og det pågår no ei høyring. Kommunane, tilsette og tillitsvalde har høve til å gje uttale til høyringa om ein varig framtidig domstolsstruktur.

Senterpartiet i Sogn og fjordane ynskjer ein framtidretta struktur på jordskifteretten. Det er viktig å sikre viktige statlege arbeidsplassar og lokal tenesteyting i Nordfjord, Sunnfjord og Sogn, også for framtida. Det er viktig å sikre stadleg leiging og ei stemme i ålmenta.

Jordskifteretten sin representasjon i heile fylket er essensielt for lokalsamfunna. Nærleik til brukarane og ikkje minst eigedomane som jordskifteretten sitt arbeid er knytt til, er særskild viktig. Jordskifteretten er ein viktig samfunnsaktør med hovudoppgåve å legge til rette for utvikling av alle eigedomar i fylket. Eigedomane må ha tidsrett utforming og tenlege vilkår slik at dei kan gje grunnlag for varig verdiskaping

Vi seier ja til tre regionale domstolar i staden for ein sentral.

Kopi til:
Senterpartiets Hovudorganisasjon
Senterpartiet sine kommunestyregrupper SF
Senterpartiet si stortingsgruppe

Fråsegna er samrøystes vedteken av fylkesstyret i Sogn og Fjordane Senterparti.

Med helsing
Sogn og Fjordane Senterparti

Per Rune Vereide
fylkessekretær

Kontaktinfo:
telefon – 9770 6884
e-post – prv@sp.no eller per.rune@vereide.no
postadresse – Senterpartiet i Sogn og Fjordane – postboks 154 – 6821 Sandane
besøksadresse – Grandavegen 32 – 6823 Sandane

www.sp.no/sfj